



Møteprotokoll

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 09.06.2010 **Tid:** 18.00

Desse møtte:

Bjørn Nedreskodje, leiar
Elise Stette
Edith Stokke
Terje Vadset
Torbjørn Skodjereite

Frå administrasjonen møtte Haldor Aasebø som sakshandsamar.

SAKLISTE

Sak nr. Arkivsak
4/10 09/225
BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

Sak 4/10

BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

HANDSAMING:

Framlegget til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

1. Skodje kommunestyre tilbyr brukarlaget ved Engeset skule å overta eigedommen g.nr 62, br.nr. 11 og 12 vederlagsfritt. Kommunestyret løyver kr 200.000,- som eingongsstønad til brukarlaget.
Dersom brukarlaget ikkje finn å kunne overta eigedommen, vil den verte lagt ut for sal.
2. Skodje kommunestyre tar informasjonen om idrettsbana ved Brusdal skule til vitande.
3. Skodje kommunestyre tar utgreiinga om framtidig bruk av Brusdal skule til vitande. Ny vurdering om framtidig bruk av bygningen skal gjerast i 2011.

DRØFTINGSSAK:

- Kulturprisen for 2010

Leiaren sette fram forslag om å dele ut kulturprisen for 2010 i samband med kulturveka i oktober.

Utvalet vedtok samrøystes å sende saka til formannskapet med tilråding om kven som bør få prisen.